

Årringen 2016–2017

Annual Review No 20–21 of The Arboretum &
Botanical Gardens, University Museum of
Bergen, The University of Bergen

ISSN: 0809-5213

Journal home page:

<https://www.uib.no/universitetshagene/66488/%C3%A5rringen>

Bokmelding

Jan Rabben og Kari Lønning Aarø: Ville blomar i Sunnhordland

Tor Jan Ropeid, Institutt for fremmedspråk, Universitetet i Bergen, postboks
7805, 5020 Bergen (e-post: tor-jan.ropeid@uib.no)

To cite this article: Ropeid, T.J. 2018. – Bokmelding:

Jan Rabben og Kari Lønning Aarø: Ville blomar i Sunnhordland. –
Årringen 2016–2017 (20–21): 236–237.

Published May 2018

Bokmelding

Jan Rabben og Kari Lønning Aarø: Ville blomar i Sunnhordland


368 s., Harpiks forlag 2016, ISBN 978-82-690129-0-3, kr 449.

Du kan òg tinga boka direkte hjå Jan Rabben (jan.rabben@harpiks.no). Du betalar då eit subsidiert portotillegg på kr 51.

Eit floraverk som ikkje berre er for hordalendingar

I utgangspunktet er dette ein lokalflora som omhandlar plantelivet i dei åtte kommunane i Hordaland som fell inn under den geografiske nemninga Sunnhordland. Boka var opphavelig tenkt som ein illustrert oppfølgjar til Kristen Sørheim sin Floraen på Stord frå 1969, men det vart snart klart at det endelege resultatet ville verta ganske annleis både når det gjeld geografi, bilete og tekst. Forfattarane kallar landskapet i Sunnhordland "det noko uryddige landskapet vårt". Det er eit landskap som strekkjer seg frå den forblåste havkysten i vest til høgfjellet på Folgefonnhalvøya i aust. Denne delen av Hordaland byr på eit variert og spanande planteliv der me òg finn plantar me ikkje i fyrste rekkje assosierer med Vestlandet. Eit døme på dette finn me i dei inste fjordbotnane i Sunnhordland. Sjølv om eg er frå Stavanger og har budd i Bergen i størsteparten av livet mitt, er dette hjartelandskapet mitt. Farmor kom frå Austrepollen inst i Maurangerfjorden, og då ho døydde i ung alder, gifta farfar seg like godt med systema hennar. Eg kjenner at det vermer meg om hjartet når eg les den enkle setninga om at blåveisen, som me elles helst ser på som ein austlands- og trøndelagsplante, veks "i skoglia mellom Austrepollen og Nordrepollen i Mauranger."

Ein vil kan hende stilla spørsmålet om ei bok som dette òg kan vera av interesse for dei som ikkje har ei tilknytning til denne delen av landet og som til og med lyt ta seg ein titt i eit atlas for å finna ut kor Sunnhordland eigenleg er plassert på Noregskartet. Boka gjer i grunnen svaret sjølv: Ho presenterer ein ikkje heilt liten del av plantane i Noreg, i alt rundt 530 artar. Blomeomgrepet som er nytta i tittelen, omfattar ikkje berre blomar i vanleg forstand, men tek også med bregnar, snellar og eit utval av siv, storr og gras. Til kvar plante høyrer det ein faktaboks med korte opplysningar om vitskapeleg namn, kjenneteikn, blomingsstid, vekstmiljø og utbreiing.



Faktaboksane er supplerte med små fordjupingstekstar som ikkje berre fortel om viktige kjenneteikn ved planten, men som òg om bruken av planten i dag og i tidlegare tider. Mange av desse tekstane har eit sjarmerande personleg preg der barndomsminna til Kari Lønning Aarø kjem til syne i formuleringar som "då me var små" e.l. Faktaboksane gjer òg forklaringar på plantane sine vitskaplege namn, noko som mange lesarar utan tvil vil setja stor pris på. Dette er eit komplisert felt i skjeringpunktet mellom botanikk og filologi. Her er framstillinga i dei aller fleste tilfelle overtydande, men tydinga av nokre plantenamn er likevel ikkje alltid så enkel som framstillinga gjer inntrykk av. Om *Acer* (lønn) heiter det til dømes at namnet siktar til at veden er hard. Ei minst like plausibel forklaring er at namnet syner til dei spisse bladflikane. Boka si forklaring på *Tussilago* (hestehov) er at det er ei samansetjing av latin *tussis* (hoste) og *agere* (driva bort). Den vanlege oppfatninga er i dag at dette er ein folkeetymologi, og at namnet er sett saman av *tussis* og suffikset *-lago*. Tydinga skulle då verta 'det som har å gjera med hoste'. I forklaringa av *Scheuchzeria* (sivblom) ser det ut til at det har snike seg inn ein liten trykkfeil. Planten er ikkje kalla opp etter Johan Scheuchzeria, men etter Johann Scheuchzer. Kommenterar som desse må ein likevel ikkje oppfatta som alvorlege innvendingar, men heller som lett pedantiske merknader frå ein gamal filolog.

Det er likevel dei om lag 1100 fotografi som er sjølve bærebjelken i boka. Det har vore eit mål at ein skulle kunne identifisera plantane ved hjelp av biletmaterialet. Å få til dette er inga lett oppgåve. Små detaljar som ein treng for å bestemma ein plante vert ofte utydelege på eit fotografi. Her har Jan Rabben levert eit biletmateriell eg snautt nok trur eg har sett maken til. Sylskarpe detaljfoto gjer det lett å identifisera plantar det elles ikkje alltid er så lett å halde frå kvarandre for eit utrent auge. Sjå til dømes detaljfotografia av åkersnelle, engsnelle og myrsnelle på s. 12–13 eller firkantperikum og prikkperikum på s. 166 – forbiletleg, spør du meg. Eg er ikkje botanikar, men ser på meg sjølv som ein typisk representant for boka si målgruppe, dei mange som interesserer seg for natur og plantar, og som er på jakt etter bøker som kan virka som augeopnarar i møte med naturen som omgjev oss. Ein slik funksjon oppfyller boka i stor mon.

Biletstoffet har elles mykje meir å by på enn berre blomar. Ei rekkje forskjellige humleartar og andre insekt er naturlege innslag på mange fotografi. Mange av desse høyrer ikkje med til dei du til dagleg legg merke til. Eit godt døme er biletet av syrbladbilla på side 61. Ein lyt beundra tolmodet som ligg til grunn for alle fotografi som kombinerer plantar og insektiv på ein framifrå måte.

Det er lett å koma fram til ein konklusjon. Dette er ei bok du vil verta glad i, ei bok som med det unike biletstoffet sitt vil vera ein augneopnar i møtet med vestnorsk natur og planteliv.

Tor Jan Ropeid